



Samfunnsdelen med arealstrategi: Høyringsinnspel frå Aurland Sp

Innleiing

Med dette høyringssvaret legg Aurland Senterparti fram sine innspel til samfunnsdelen med arealstrategi. Innspela byggjer på mykje av det som allereie ligg inne i planutkastet, men kjem og med nye mål, strategiar og verdiar/prinsipp for samfunnsplanlegginga i Aurland. Utkastet som er lagt ut på høyring er eit godt dokument som har vore gjennom ein grundig prosess internt i kommunen saman med politikarane. Senterpartiet meiner at planen er eit godt utgangspunkt, men at nokre sider ved den treng ein tydelegare retning, slik at det ikkje er tvil om kva me vil. Alle innspelpunkta er supplert med eigna berekraftsmål.

Levande lokalsamfunn: Ei kvalitativ tilnærming til vern *Berekraftsmål 11 (berekraftige byar og lokalsamfunn)*

Aurland kommune har mange verna bygningar, bygningsmiljø og SEFRAK registrerte bygningar. I ei heilsapsvurdering kring bygningsmessige tiltak i slike bygningar/område, må det å sikre framtidssretta bruk av arealet ha ei tung vekting. Det er viktig at me fører ein politikk kring vern som sikrar levande og attraktive lokalsamfunn

Når det gjeld bygningar som er så gamle at dei vert SEFRAK-registrerte og vurdert verna, så bør ein som prinsipp søke å bevare bygningar ilag med grunneigarar/huseigarar som er motiverte for å bevare bygningane sin autentisitet. Det skal takast ei kvalitativ tilnærming til bygningsvern: Å finne og verne bygningar som kan representere ein spesifikk bygningskikk eller stil, kontra eit generelt vern av mange bygningar som endar med å stå til nedfalls fordi det ikkje er økonomi til ivaretaking. Ein må finne ein balanse mellom å ta vare på fortida, og samstundes sikre framtidssretta attraktive lokalsamfunn.

Som eit prinsipp bør ein forsøke å fylgje opp vern med offentlege midlar. Om ein bygning ikkje er «viktig» nok for offentlege midlar, skal alternativ bruk av tomt og/eller ombygging vurderast heilskapleg med vekt på å sikre aktivitet og liv i lokalsamfunnet.

Likeins vil Aurland kommune arbeide for at landskapsvernombordet i kommunen vert forvalta på ein slik måte at ein vernar eigenarta til området på ein måte som harmoniserer med lokalt landbruk og forvalting av utmarksressursar. Ved revisjonar av verneforskrifta bør lokalsamfunnet og kommune takast med på råd,



slik at ein sikrar lokal forankring av vernet. Det er vel så viktig å sikre kulturlandskapet gjennom aktiv bruk av området. Gardar som høyrer til i og/eller eller har eigedommar i området må kunne bruke eigedommane innafor ei fornuftig ramme som tek omsyn til verneverdiene, samstundes som grunneigarane kan bruke eigendommane på ein framtidsretta og moderne måte. Me treng eit levande landskapsvernområde som fostrar lokalt engasjement!

Villrein

Berekraftsmål 15 (livet på land)

Det skal vera eit overordna mål å få bygd opp att villreinstamma i fjella våre. Villreinen må ha prioritet i dei saker som går inn i eller rører ved villreinområda. Aurland kommune skal arbeide for at nabokommunane våre og sentrale styresmakter dreg ilag med oss, med mål om å få til ei reetablering av villreinen i sone 1.

Eit friskt fjell og ein rein fjord

Berekraftsmål 15 (livet på land) og 14 (livet i havet)

I Aurland meiner me at eit godt fundament for ei berekraftig framtid er at me i alle planar og tiltak tek omsyn til og vurderer konsekvensar for natur og dyreliv, frå botn av fjorden til toppen av Blåskavlen.

Styrke lokalt sjølvstyre og bruken av lokalt skjøn

Berekraftsmål 11 (berekraftige lokalsamfunn) og 16 (velfungerande institusjonar)

Sjølv om Aurland kommune er bygningsmyndighet, så er det i dag slik at mykje av makta ligg i overordna og sideordna myndigheter i praksis. Makt i Norge har vorte meir sentralisert og flytta ut av kommunane. Statsforvalting, direktorat og fylkeskommunar har kompliserte og rigide regelverk som dei forvaltar på våre vegne. Dette er ikkje noko Aurland kommune rår over, men me kan gje signal om at me ynskjer større handlingsfridom, spesielt i saker som krev lokalt skjøn. Samstundes vert det viktig at politikarar og administrasjon ilag arbeider for å finne moglegheitsrommet innafor rammene me har.

Aurland kommune har òg ein del planar som me utarbeidar sjølve og som vert førande for utviklinga i kommunen. Desse planane rår me over, og difor er det viktig at me er framoverlente med kva me ynskjer å få inn i vårt eige planverk. Me må søke å lage utviklingsretta og gode planar som er tydelege på kva verdiar og prinsipp me legg til grunn for utviklinga i kommunen. Det er ikkje slik at alle



«gode» meiningar alltid går hand i hand, og det lyt prioriterast mellom fleire omsyn. Me må vere tydelege på kva retning me ynskjer.

Bygningshøgd som ei alternativ løysing på arealknappheit *Berekraftsmål 2 (utrydde svolt) og 11 (berekraftige lokalsamfunn) og 8 (anstendig arbeid og økonomisk vekst)*

Aurland kommune, som mange fjordkommunar, har store utfordringar med bandlegging av areal. Ras, flaum, steinsprang, natur og kulturvern og jordvern er alle forskjellige kategoriar som er naudsynte, men som skapar alvorlege arealutfordringar. Ein konsekvens av dette er at Aurland kommune må leggje større vekt på å utnytte det bygningsarealet me har på ein meir effektiv måte. Ein måte å gjere dette på er å godta høgare bygningshøgder. I framtidige planar skal bygningshøgde kunne brukast som eit grep i å få til god arealutnytting. Dette må gjerast på ein planmessig måte.

Framtidsretta næringsliv og besøksforvaltning *Berekraftsmål 9 (innovasjon og infrastruktur), 11 (berekraftige lokalsamfunn) og 17 (samarbeid for å nå måla)*

Aurland kommune skal arbeide mot å få på plass fellesgodefinansiering knytt opp mot masseturismen og behovet for effektiv og god infrastruktur. Me må vera på som organisasjon og ta del i moglegheitene som spring ut av pilot-prosjektet. Tiltak og prosjekt som Aurland set i gong framover, må sjåast i samanheng med potensielt framtidig opplegg for fellesgodefinansiering.

Mykje av handlingsdelen i masterplanen for reiseliv er tenkt gjennomført i samfunnsplanen sin periode. Aurland kommune skal vera ein aktiv part som tek ansvar og aktivt forvaltar planen saman med samarbeidspartnerane våre og Visit Sognefjord.

Spesielt vert det viktig at Aurland kommune arbeider for at reiselivet, landbruk og resten av samfunnet sameksisterer på ein måte som er berekraftig og tek omsyn til alle partar. Me har store utfordringar med infrastruktur og styring av turiststraumane som me må ta på alvor, og me må leggje press på andre myndigheter som har eit ansvar. Tilrettelegging er ein nøkkel her. Aurland kommune må ilag med andre sørge for at reiselivet utviklar seg i samsvar med lokal kapasitet og tolegrenser.

Reiselivet nyt godt av at me har eit aktivt landbruk i Aurland kommune som igjen gjev oss eit levande kulturlandskap, men reiselivet skal aldri bli eit premiss for at me har landbruk. Når me legg til rette for framtidas reiseliv må me hugse på at



Landbruket primært skal produsere mat – og at resten er ein bonus. Det er flott at mange kan kombinere gardsdrift med reiseliv, og på den måten spe på inntekta og gjere kvardagen som bonde enklare samstundes som ein gjev turistane ei oppleveling. Likevel må me passe på at når me gjer landbrukspolitiske tiltak, så legg me til rette for eit matproduserande landbruk, med mål om at det kan stå på eigne bein.

Verdsarven

Berekraftsmål 11 (berekrftige lokalsamfunn) og 17 (samarbeid for å nå måla) og 16 (velfungerande institusjonar)

Aurland kommune skal òg ta ein større eigarskap til verdsarven og verdsarvstatusen. Det har vorte ein uheldig trend der det er aktørar og myndigheter utanom kommunen som meiner mest, og har intensionar om kva verdsarvstatusen skal bety for oss. No er det på tide at me i Aurland tek tak i verdsarvstatusen og definerer kva den betyr for oss. Kommunen som organisasjon og som folkevald organ bør profilere seg utifrå at me er ein verdsarvkommune. Me må syne omverda at me har verdsarven på dagsorden og at me klarar forvalte det ansvaret på ein god måte for verdsarven, men òg for dei som bur i verdsarven. Me må ha som mål at verdsarven skal oppfattast som noko udelt positivt i aurlandssamfunnet. Det krev at me ser moglegheitene som ligg i statusen og lyfter desse fram, og passar på at verdsarven ikkje vert brukt som eit påskot for andre interesser som går på akkord med våre.

Vern av matjorda

Berekraftsmål 2 (utrydde svolt) og 12 (ansvarleg forbruk og produksjon)

Jordvern skal ha stor vekt i arealforvaltinga og det skal alltid søkast å prioritere tiltak som sikrar jordvernet. I tilfelle der ein ikkje kjem utanom at dyrka jord går tapt, skal det opparbeidast erstatningsjord ein anna plass og ein skal ta vare på jorda i det råka området. Målet er å i netto behalde eller auke den dyrkbare jorda i kommunen.

Nok bustadar til alle

Berekraftsmål 11 (berekrftige lokalsamfunn)

I Aurland har me utfordringar med å skaffe nok attraktive husvære til dei som ynskjer å busette seg i alle delar av kommunen. Me ynskjer sjølv sagt å leggje til



rette for nye bustadområde, men vel så viktig er det å sørge for at dei bustadane som finst i kommunen har lys i vindauge. Bruk av heilårsbustadar som fritidshus og til kortidsutleige (av heile bustadar) gjer det vanskeleg for folk å få kjøpt bustad i Aurland. Me må finne tiltak som kan betre situasjonen. Med anna betre lovlegheitsoppfylging ved bruk av eigendommane og innføring av ein eller anna form for buplikt er tiltak som me må vurdere å implementere. Me må bestemme oss: Skal bustadmarknaden vere ein arena for spekulasjon eller er poenget å sikre innbyggjarane tilgang på eigna husvære?

Spreitt bustadbygging

Berekraftsmål 11 (berekriftige lokalsamfunn)

I Aurland kommune skal det vera mogleg å få søke om dispensasjon for bygging av bustad i LNF område, utan at ein må regulere eit særskild område. Dette for å sikre at det vert mogleg å utnytte tilfelle der ein finn eigna tomter for bustadbygging utanom planlagde felt. Ein slik moglegheit vil og kunne opne for at ein kan få utnytta mindre areal som ikkje er eigna til noko anna.

Kraftkommunen Aurland

Berekraftmål 7 (rein energi til alle) og 8 (økonomisk vekst)

Aurland må forvalte dei kraftverdiane som vert tilgodesett oss på ein måte som gagnar lokalsamfunnet og innbyggjarane, og som gjer Aurland til ein attraktiv plass å bu og drive næring. Innafor dei rammene som lovverket gir oss skal me gjere det me kan for å sikre at innbyggjarane merkar fordelane av at me er ein kraftkommune og dei rettane det gir oss.

Godt oppvekstmiljø

Berekraftsmål 11 (berekriftige lokalsamfunn) og 4 (god utdanning)

Aurlandssamfunnet skal vere eit godt miljø å vekse opp i, i alle sentrum og grender. Me skal legge til rette for fasilitetar og areal for leik og rekreasjon. Skulane og barnehagane skal skape positive ringverknadar i samfunnet ved å bruke lokalmiljøet og lokale ressursar. Me skal arbeide for å sikre trygg og kort skuleveg for alle born i kommunen.